



# Kvinnherad kommune

Rådmannen  
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tlf.: 53 48 31 00

Fax: 53 48 31 30

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Sørbø Trelast AS  
Postboks 3084 Hillevåg

4095 STAVANGER

Saksbehandlar  
Eva Sundal

Tlf. direkte innval  
53483244

Vår ref.  
2013/3081-16

Dato  
29.04.2014

## IGANGSETJINGSLØYVE (Eitt-trinnsøknad) Delegert løyve

**Tiltak:** Kai  
**Gnr/bnr:** 112/300  
**Byggestad/adresse:** Omvikedalsvegen, 5464 DIMMELSVIK  
**Tiltakshavar:** Bjørn Kjetil Eltervåg, Tungenesveien 183, 4070 RANDABERG  
**Ansvarleg søker:** Sørbø Trelast AS, postboks 3084, Hillevåg, 4095 STAVANGER

---

Delegert vedtaksnr.:2014/199

### Vedtak

***Med heimel i havne og farvasslova § 27 første ledd, gjev Kvinnherad kommune løyve til kai i samsvar med søknad journalført 07.01.14.***

***Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 vert søknad journalført 03.01.14 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar også ansvarsrett i alle fagområder for funksjonane SØK, PRO, UTF i tiltaksklasse 1 for firma: Sørbø Trelast AS, Matricula AS og Haugland Maskin AS.***

***Naboprottest er trekt tilbake grunna forlik mellom partane i høve utforming av kai.***

---

### Grunnlag for løyvet:

#### Havne og farvasslova

Tiltaket er vurdert til ikkje å vera til hinder for:

- ✓ Allmenn sjøverts ferdsle i området
- ✓ Omsynet til andre næringar
- ✓ Omsynet til helse, miljø og materielle verdiar
- ✓ Tiltaket er vurdert ikkje å ha konsekvensar for fiskerinæringa

### **Plan og Bygningslova**

- ✓ Dispensasjon frå arealformål allmenn ferdsle i sjø i kommuneplan er gitt av Kvinnherad forvaltningskomite i møte 26.03.14, sak 2014/48.
- ✓ Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp og tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav, tekniske og estetiske krav.
- ✓ Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- ✓ Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det låg føre merknad frå nabo i aust. Merknad trekt grunna forlik. (jf. vedtaket ovanfor).
- ✓ Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheter.

### **Vilkår:**

**2. Det må sendast inn melding vedlagt kart der tiltaket er teikna inn og nøyaktig posisjon til kaien oppgjeve i WGS 84. Meldinga sendast og til EFS / Statens Kartverk Sjø, Pb 60, 4001 Stavanger straks tiltaket er ferdig**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort dersom det ikkje er fornya innan utløp av 3-årsfristen. Dersom tiltaket skal endrast i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve, og endringa må vera godkjent før tiltaket vert igangsett.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om vedtaket

### **Merknader**

- **Dette løyvet med vedlegg er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande tilretteleggja for gjennomføringa av kontrollen.**
- Rekning for saksbehandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Dokumentasjon for sluttkontroll, gjennomføringsplan og ferdigattest må oversendast kommunen i samsvar med SAK § 8-1 når tiltaket er ferdig. Kai må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i denne godkjenninga kan finnast under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

For rådmannen i Kvinnherad

Eva Sundal  
Saksbehandlar

### **Kopi til:**

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningskomiteen